



Arkivnr: 2016/2284-11
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

Prinsipp for deltaking i valnemnder i selskap fylkeskommunen eig

Samandrag

Fylkesrådmannen rår til at det vert lagt følgjande rutinar til grunn for utnemning/forslag på medlemmer til valnemnder:

Heileigde selskap

- Valnemndene bør ha tre medlem
- Alle medlemene i selskap kor fylkeskommunen er einaste eigar vert oppnemnd av Fylkestinget og valt av generalforsamlinga i selskapet.
- Selskapa sine valnemnder skal vere vedtektsfesta i selskapet sine vedtekter.

Deleigde selskap

- Fylkeskommunen bør ha et tal medlemmer i selskapet som speglar storleiken på eigardelen.
- I selskap fylkeskommunen har aksjemajoritet bør óg fylkeskommunen ha fleirtal i valnemnda i selskapet.
- Fylkeskommunen sin eigarstrategi for selskapet bør seie korleis fylkeskommunen skal delta i valnemnd i selskapet.
- Det er Fylkestinget som vel medlem til valnemndene.

Økonomi: Saka har ingen påverknad på økonomi eller budsjett

Klima: Saka har ingen påverknad på klima

Folkehelse: Saka har ingen påverknad på folkehelse

Regional planstrategi: Saka har ingen påverknad på regional planstrategi

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek prinsippa slik dei ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.04.2018

Prinsipp for oppnemning av medlem i valnemnder i selskap

Fylkestinget vedtok i sak 119/17 12.desember 2017 å følgje KS sine tilrådingar for eigarstyring. I tilråding nummer 10 står følgjande:

VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER

Ved valg av styrer til kommunalt eide selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

Representantskapet/generalforsamlingen bør velge leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes slik at den reflekterer eierandelene. Ordningen med valgkomite er ikke lovregulert, og den bør derfor vedtektsfestes, alternativt nedfelles i selskapsavtalen. Videre anbefales det at det utarbeides retningslinjer som regulerer deres arbeid. Det anbefales også at valgkomiteen har en dialog med styret før forslag fremmes, og at valgkomiteen begrunner sine forslag.

Eier står fritt til å endre styresammensetningen uavhengig av valgperioden. Hele styret bør normalt ikke skiftes ut samtidig, for å sikre kontinuitet og videreføring av kompetanse. Det kan derfor være hensiktsmessig med overlappende valgperiode for ulike styremedlemmer.

I same sak vart det vedtatt retningslinjer for valnemnder. Desse retningslinjene er vedlagt saka.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune er eigarutval, jf sak 119/17 fylkestinget 12.desember 2017, medan det er fylkestinget som veljer eller utnemner medlemmer til styrer og utval, jf delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune. Av dette følgjer at saker som gjeld utnemning av medlemmer til valnemnder må handsamast i fylkestinget.

Hordaland fylkeskommunes deltaking i valnemnder i selskap kor fylkeskommunen har eigardel er forankra i vedtak i sak 119/17. Utnemninga av medlemmer til valnemnder bør reflektere eigarsamansetninga.

Det er generalforsamlinga i selskapa som vel valnemnd. Valnemnda førebur valsaker til generalforsamlinga i selskapet, og følgjer mandat gjedd av selskapet gjennom generalforsamling. Det følgjer av dette at det ikkje er Hordaland fylkeskommune som vel valnemnd. Fylkeskommunen som eigar kan foreslå medlemmer til valnemnda, som generalforsamlinga i sin tur tar stilling til.

Fylkesrådmannen rår til at det vert lagt følgjande rutinar til grunn for utnemning/forslag på medlemmer til valnemnder:

Heileigde selskap

- Valnemndene bør ha tre medlem
- Alle medlemene i selskap kor fylkeskommunen er einaste eigar vert oppnemnd av Fylkestinget og valt av generalforsamlinga i selskapet.
- Selskapa sine valnemnder skal vere vedtektsfesta i selskapet sine vedtekter.

Deleigde selskap

- Fylkeskommunen bør ha et tal medlemmer i selskapet som speglar storleiken på eigardelen.
- I selskap fylkeskommunen har aksjemajoritet bør óg fylkeskommunen ha fleirtal i valnemnda i selskapet.
- Fylkeskommunen sin eigarstrategi for selskapet bør seie korleis fylkeskommunen skal delta i valnemnd i selskapet.
- Det er Fylkestinget som vel medlem til valnemndene.